

Prop. 179 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Samtykke til ratifikasjon av internasjonal konvensjon mot kjernefysisk terrorisme av 13. april 2005

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 14. juni 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Arbeidet mot internasjonal terrorisme har i fleire tiår stått på dagsordenen i FN. Det er i regi av FN utvikla tretten internasjonale konvensjonar som rammar ulike former for terrorhandlingar, der Noreg er part i dei første tolv. Den internasjonale konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme – *International convention for the suppression of acts of nuclear terrorism* - vart vedteken i FN 13. april 2005 og opna for undertekning 14. september 2005. Noreg undertekna konvensjonen 16. september 2005. Konvensjonen er til no undertekna av 115 statar og har 86 partar.

Føremålet med konvensjonen er mellom anna å hindre at terroristgrupper får tilgang til kjernefysiske våpen og materiale og å styrkje det eksisterande rettslege rammeverket mot terrorisme. Konvensjonen pålegg partane å gjere det straffbart å inneha og/eller bruke radioaktivt materiale, kjernefysisk materiale eller kjernefysiske innretningar med sikte på å utføre ulike typar terrorhandlingar. Partane skal anten sjølv straffe slike handlingar eller utlevere dei aktuelle personane til andre land som ber om det. Konvensjonen inneber vidare at statspartane fremjar samarbeid mellom politi og rettsvesen for å forhindre, etterfor-

ske og straffeforfølgje slik kriminalitet. Konvensjonen pålegg statane å sikre kjernefysisk materiale i samsvar med standardar som er fastsette av det internasjonale atomenergibyrået (IAEA).

På undertekningstidspunktet vart det lagt til grunn at norsk straffelovgjeving ramma dei fleste forholda som konvensjonen krev kriminaliserte, men at gjennomføringa av konvensjonen likevel ville krevje visse endringar i straffelova. Forslag til nødvendige lovendringar for norsk ratifikasjon av konvensjonen vart deretter fremja ved Ot.prp. nr. 8 (2007-2008) om lov om endringar i straffelova 2005 nr. 28.

Straffelova av 2005 er enno ikkje sett i verk. For å leggje til rette for snarleg norsk ratifikasjon av konvensjonen om kjernefysisk terrorisme vart straffelova 1902 endra i juni 2012, samtidig som det vart gjennomført enkelte mindre justeringar i straffelova 2005 jf. Prop. 96 L (2011-2012). Desse lovendringane sikrar at Noreg kan gjennomføre konvensjon om kjernefysisk terrorisme fullt ut.

Fordi det har vore nødvendig å endre lova for å kunne ratifisere konvensjonen, må Stortinget samtykke i ratifikasjon etter Grunnlova § 26.

Konvensjonen i engelsk originaltekst med omsetjing til nynorsk følgjer som trykt vedlegg til proposisjonen.

2 Bakgrunnen for konvensjonen

At atomvåpen skal kunne kome på avvegar og falle i hendene til terroristar, har vore eit skrekkszenario som òg vart meir aktuelt då jernteppet falt. På dette tidspunktet avgrensa det internasjonale regelverket seg til konvensjonen om fysisk vern av nukleært materiale (1980), som berre gjaldt vern av nukleært materiale for fredelige føremål og ikkje til militære føremål.

FNs generalforsamling oppretta i 1996 ein ad hoc-komité med mandat til å vidareutvikle rammeverket for å kjempe mot terrorisme. I 1998 innleia komiteen forhandlingar om ein internasjonal konvensjon for nedkjemping av kjernefysisk terrorisme. Konvensjonen vart samrøystes vedteken 13. april 2005 av FNs generalforsamling, sju år etter at Russland la fram eit framlegg til ein konvensjon. Konvensjonen er den første terrorismekonvensjonen FN har vedteke sidan 11. september 2001, og den tredje etter at ad hoc-komiteen vart etablert.

Frå norsk side har vi lagt stor vekt på å bidra til å styrkje det internasjonale samarbeidet om nedkjemping av internasjonal terrorisme. Konvensjonen om kjernefysisk terrorisme er viktig både i det internasjonale antiterrorarbeidet og i eit ikkje-spreiingsperspektiv. Noreg har støtta prosessen for framforhandling av konvensjonen, og Utanriksdepartementet meiner at det er svært viktig at konvensjonen er vedteken for å få eit meir komplett rammeverk for å nedkjempe terrorisme. Departementet legg særleg vekt på dei alvorlege konsekvensane terrorhandlingar kan få ved bruk av kjernefysiske våpen eller materiale. Noreg har lenge samarbeida med EU, Russland og USA om å få kjernefysisk materiale i Nordvest-Russland under kontroll.

Under det første toppmøtet om kjernefysisk tryggleik i Washington 2010, der statsminister Stoltenberg deltok som ein av 47 statsleiarar og regjeringssjefar, vart konvensjonen trekt fram som eit svært viktig virkemiddel, og i sluttkommunikeet frå toppmøtet vert han omtalt som eit «*essential element of the global nuclear security architecture*». Alle land forplikta seg politisk til å oppnå universell oppslutning om konvensjonen så fort som råd.

2.1 Nærare om dei enkelte punkta i konvensjonen

I *fortalen* uttrykkjer partane at dei er djupt uroa over den aukande terrorismen i alle former. Det vert særleg peika på at kjernefysisk terrorisme

har dei mest alvorlege konsekvensane og representerer ein trussel mot internasjonal fred og tryggleik. Det er difor viktig at statane vedtek effektive og praktiske verkemiddel for å hindre slik terrorisme og for å straffe terroristane.

Artikkel 1 definerer visse omgrep slik dei er brukte i konvensjonen.

Artikkel 2 nr. 1 og 2 gjer greie for kva som utgjer lovbrøt som denne konvensjonen skal regulere.

Nr. 1 bokstav a) rammar den som innehar radioaktivt materiale eller lagar kjernefysiske innretningar med det føremålet å forårsake død eller alvorleg skade på person, eigedom eller miljø. Nr. 1 bokstav b) rammar den som brukar radioaktivt materiale eller kjernefysiske innretningar eller skadar eit kjernefysisk anlegg på ein slik måte at det skjer radioaktive utslepp, med det føremålet å forårsake død eller alvorleg skade på person, eigedom eller miljø. Konvensjonen krev i tillegg kriminalisering av bruk av radioaktivt materiale eller kjernefysiske innretningar til å true ein person, stat eller organisasjon til å gjennomføre eller avstå frå handlingar. Konvensjonen omfattar òg forsøk på å gjennomføre ei straffbar handling og fleire former for medverknad. Eit lovbrøt kan òg gjerast av ei gruppe menneske som handlar ut frå den same målsetjinga.

Artikkel 3 fastset at konvensjonen ikkje skal gjelde i dei tilfella der lovbrøtet må reknast som gjennomført i berre éin stat og berre av statsborgarar i denne staten, som òg held til der, og der ingen annan stat har grunnlag for jurisdiksjon etter art. 9 nr. 1 eller nr. 2.

Artikkel 4 regulerer forholdet til andre internasjonale avtalar og konvensjonar. Det vert presisert at konvensjonen ikkje skal setje til side rettane eller pliktane statane eller individa har etter folkeretten elles. Bruk av militær makt i væpna konflikter fell utanfor verkeområdet til konvensjonen. Det vert òg understreka at konvensjonen ikkje tek sikte på å regulere spørsmålet om det er lovleg å bruke eller true med å bruke kjernefysiske våpen i samband med ein væpna konflikt.

Artikkel 5 krev at partane gjennomfører nødvendige tiltak for å gjere lovbrøt mot konvensjonen, som omtalt i artikkel 2, straffbare etter nasjonal rett, og at desse straffeboda skal ha passande strafferammer som tek omsyn til at det gjeld alvorlege lovbrøt.

Artikkel 6 krev at nasjonal rett ikkje må gjere lovbrøt mot konvensjonen rettmessige eller unnskyldede fordi dei er gjennomførte ut frå politiske, filosofiske, ideologiske, religiøse eller lik-

nande motiv, eller ut frå motiv som har å gjere med rase, etnisk opphav eller liknande.

Artikkel 7 gjev føresegner om samarbeidsplikta til statspartane. Konvensjonen pålegg partane å samarbeide om tiltak for å forhindre at det vert gjennomført lovbrota etter artikkel 2. Dersom det er nødvendig, krevst det òg at det vert gjennomført lovendringar for å forhindre slike lovbrota. Det vert lagt vekt på verdien av informasjonsutveksling og av at medlemsstatane behandlar informasjonen så fortruleg som fastsett i nasjonal rett. Ein stat pliktar likevel ikkje å gje ut informasjon som er underlagt teieplikt etter nasjonal rett. Dersom det vert oppdaga brot på artikkel 2, skal dette meldast til dei andre medlemslanda og eventuelt relevante internasjonale organisasjonar.

Artikkel 8 krev at medlemsstatane skal setje i verk alle nødvendige tiltak for å beskytte radioaktivt materiale som er i statens eigedom, for å forhindre brot på konvensjonen. Det skal takast omsyn til tilrådingar frå Det internasjonale atomenergibyrået (IAEA).

Artikkel 9 nr. 1 krev at partane skal gjere dei nødvendige tiltaka for å etablere domsmakt over lovbrota etter artikkel 2 når lovbrota er gjort på territoriet til vedkomande stat, av statsborgar(ar) frå dette landet, eller når lovbrota er gjort om bord i fartøy som fører flagget til vedkomande stat, eller fly som er registrerte under lovgjevinga til vedkomande stat på gjerningstidspunktet. Vidare får statane høve til å etablere domsmakt i ein del andre tilfelle, for eksempel basert på at lovbrota har resultert i terrorverksemd mot vedkomande stat eller borgarane av denne staten, eller at handlinga er gjort av ein statslaus person med opphald i den aktuelle staten. Nr. 3 fastset at kvar stat skal melde frå til FN's generalsekretær om omfanget av nasjonal domsmakt. Nr. 4 skal sikre at gjerningspersonar anten vert utleverte til ein stat som har domsmakt, eller at staten sjølv innleier straffeforfølgning. Nr. 5 presiserer at konvensjonen ikkje legg restriksjonar på utøving av domsmakt etter nasjonal rett.

Artikkel 10 fastset prinsippet om plikt til etterforskning med sikte på rettgang eller utlevering av mistenkte for lovbrota. Føresegna gjev nærare reglar om rettane til den som er sikta, og om informasjonen andre statar kan krevje.

Artikkel 11 krev at partane raskt behandlar saker som kjem inn under deira domsmakt.

Artikkel 12 krev at partane skal gje den sikta rettferdig behandling i samsvar med den interne retten i vedkomande stat og internasjonale menneskerettar.

Artikkel 13 fastset at lovbrota i samsvar med art. 2 skal reknast som lovbrota som gjev grunnlag for utlevering i alle utleveringsavtalar som eksisterer mellom partane, og at desse lovbrota skal takast inn i alle slike avtalar som vert inngådde seinare. Nr. 2 til 4 inneber at også konvensjonen sjølv kan vere grunnlag for utlevering i nærare fastsette tilfelle.

Artikkel 14 stiller krav til – og gjev reglar om – gjensidig hjelp i samband med etterforskning, rettgang eller utlevering på grunnlag av lovbrota i samsvar med art. 2.

Artikkel 15 forbyr partane å rubrisere lovbrota etter artikkel 2 som politiske og å avslå oppmodingar om bistand eller utlevering fordi det gjeld politiske lovbrota.

Artikkel 16 presiserer at konvensjonen ikkje hindrar ein stat i å nekte utlevering eller hjelp dersom han har gode grunnar til å tru at den sikta dermed i realiteten vil verte rettsforfølgd eller straffa på grunn av rase, religion, nasjonalitet, etnisk opphav eller politisk syn.

Artikkel 17 gjev reglar om at personer som vert haldne i forvaring eller soner straff i ein stat, kan overførast mellomlands til ein annen stat for å vitne eller på anna vis bidra i etterforskinga eller rettgangen i samband med dei omhandla lovbrota.

Artikkel 18 nr. 1 gjev nærare føresegner om kva som skal gjerast med radioaktivt materiale eller kjernefysisk materiale eller kjernefysiske innretningar som ein stat har fått hand om på grunnlag av brot på artikkel 2. Det skal mellom anna setjast i verk tiltak for å uskadeleggjere det kjernefysiske materialet eller den kjernefysiske innretninga og sørgjast for at dette vert oppbevart i samsvar med tryggingmessige standardar. Slikt radioaktivt eller kjernefysisk materiale eller slike innretningar kan berre nyttast til fredelige føremål.

Den staten som innehar radioaktivt materiale, kjernefysisk materiale eller kjernefysiske innretningar på grunnlag av brot på art. 2, skal returnere dette til den rettmessige staten, så langt ikkje nasjonal rett eller internasjonale forpliktingar forbyr landet å ta imot det, eller dersom det er gjeve samtykke om ikkje å returnere. I så fall skal den staten som innehar det radioaktive materialet eller det kjernefysiske materialet eller den kjernefysiske innretninga setje i verk dei tiltaka som er fastsette i nr. 1.

Artikkel 19 krev at når det er gjennomført ein nasjonal rettgang for dei omhandla lovbrota, skal utfallet av prosessen meldast til FN's general-

sekretær, som skal informere dei andre konvensjonspartane.

Artikkel 20 slår fast at medlemsstatane skal hjelpe kvarandre med å sikre ei effektiv handheving av konvensjonen.

Artikkel 21 pålegg partane å oppfylle pliktene i konvensjonen med respekt for suvereniteten til andre statar og prinsippet om ikkje-innblanding i interne tilhøve.

Artikkel 22 presiserer at konvensjonen ikkje gjev en part rett til å utøve domsmakt på ein annan stats territorium eller funksjonar som er reservert styresmaktene i den andre staten.

Artikkel 23 føreskriv først forhandlingar, deretter skilddom for tvisteløysing. Fråsegna gjev partane høve til å reservere seg mot tvisteløysing.

Artikkel 24 gjev reglar om undertekning, ratifikasjon og tiltreding. Konvensjonen er open for undertekning med etterfølgjande ratifikasjon, godkjenning eller godtaking.

Artikkel 25 fastset at konvensjonen skal tre i kraft den 30. dagen etter at konvensjonen er ratifisert eller godkjend av 22 partar.

Artikkel 26 gjer greie for vilkåra og framgangsmåten for å endre konvensjonen. Ei endring av konvensjonen må vedtakast med 2/3 fleirtal.

Artikkel 27 regulerer høvet partane har til å seie opp konvensjonen. Alle partar kan seie opp konvensjonen. Den vil då slutte å gjelde for vedkommande part eitt år etter at meldinga er motteken.

Artikkel 28 reknar opp dei gyldige språka for konvensjonen og føreskriv at han skal deponerast hos FNs generalsekretær som er depositar for konvensjonen.

3 Gjennomføring av konvensjonen i norsk rett

Kriminaliseringsforpliktingane i konvensjonen var opphavleg gjennomførte i straffelova 2005 § 142 om ulovleg omgang med farleg materiale mv. Straffelova 2005 er ikkje tredd i kraft fordi det må etablerast eit nytt straffesakssystem i politiet.

Ved lov av 22. juni 2012 nr. 49 vart straffelova frå 22. mai 1902 § 152 a endra i samsvar med straffelova av 20. mai 2005 nr. 28. Det vart òg gjort enkelte tilpassingar for å tydeleggjere gjennomføringa av konvensjonsforpliktingane. I desse tilfella vart det gjort tilsvarende endringar i straffelova

2005 § 142, slik at ordlyden i dei to lovene er like lydande.

Artikkel 5 i konvensjonen pålegg partane å kriminalisere handlingane det er gjort greie for i artikkel 2. Kriminaliseringsforpliktingane er nærare omtalte i Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 379 flg. Etter endringane som vart gjorde ved lova om endringar i straffelova 1902 mv. (straffebod mot kjernefysisk terrorisme mv.), oppfyller begge straffelovene kriminaliseringsforpliktingane i konvensjonen fullt ut, og det vert ikkje vurdert som nødvendig med ytterlegare lovendringar.

Forslaget til straffelova 2005 § 142 var på høyring då eit forslag om kapittel 18 i straffelova 2005 om terrorhandlingar og terrorrelaterte handlingar vart sendt på høyring i 2007, sjå Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) punkt 8.2 side 155–156 for meir informasjon. Då straffelova 1902 vart endra for å reflektere straffelova 2005 § 142, vart det vurdert som openbart unødvendig med ei ny høyring ettersom det gjeld «eit forslag som i realiteten inneber å setja i kraft ei lovendring som allereie er vedteken med nokre mindre justeringar», jf. Prop. 96 L (2011–2012). Det vert ikkje vurdert som nødvendig å sende proposisjon om samtykke til ratifikasjon av internasjonal konvensjon mot kjernefysisk terrorisme frå 13. april 2005 på høyring.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Ratifikasjonen vil ikkje krevje lovendring eller andre tiltak utover dei som allereie er sette i verk. Sjølve ratifikasjonen vil såleis ikkje føre med seg nemnande økonomiske eller administrative konsekvensar. Det kan krevje nokre ressursar å vareta forpliktingane etter konvensjonen, men dette vil kunne dekkjast innanfor gjeldande budsjettammer.

5 Konklusjon og tilråding

Konvensjonen står som eit solid instrument i nasjonal og internasjonal nedkjemping av kjernefysisk terrorisme.

Utanriksdepartementet tilrår at Noreg ratifiserer konvensjonen av 13. april 2005 mot kjernefysisk terrorisme.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om
samtykke til ratifikasjon av internasjonal konven-
sjon mot kjernefysisk terrorisme av 13. april 2005.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til ratifikasjon av internasjonal konvensjon mot
kjernefysisk terrorisme av 13. april 2005.

Forslag

til vedtak om samtykke til ratifikasjon av internasjonal konvensjon mot kjernefysisk terrorisme av 13. april 2005

I

Stortinget samtykker i ratifikasjon av internasjonal konvensjon mot kjernefysisk terrorisme av
13. april 2005.

Vedlegg 1

International Convention for the Suppression of Acts of Nuclear Terrorism

The States Parties to this Convention,

Having in mind the purposes and principles of the Charter of the United Nations concerning the maintenance of international peace and security and the promotion of good-neighbourliness and friendly relations and cooperation among States,

Recalling the Declaration on the Occasion of the Fiftieth Anniversary of the United Nations of 24 October 1995,

Recognizing the right of all States to develop and apply nuclear energy for peaceful purposes and their legitimate interests in the potential benefits to be derived from the peaceful application of nuclear energy,

Bearing in mind the Convention on the Physical Protection of Nuclear Material of 1980,

Deeply concerned about the worldwide escalation of acts of terrorism in all its forms and manifestations,

Recalling the Declaration on Measures to Eliminate International Terrorism annexed to General Assembly resolution 49/60 of 9 December 1994, in which, inter alia, the States Members of the United Nations solemnly reaffirm their unequivocal condemnation of all acts, methods and practices of terrorism as criminal and unjustifiable, wherever and by whomever committed, including those which jeopardize the friendly relations among States and peoples and threaten the territorial integrity and security of States,

Noting that the Declaration also encouraged States to review urgently the scope of the existing international legal provisions on the prevention, repression and elimination of terrorism in all its forms and manifestations, with the aim of ensuring that there is a comprehensive legal framework covering all aspects of the matter,

Recalling General Assembly resolution 51/210 of 17 December 1996 and the Declaration to Sup-

Internasjonal konvensjon mot kjernefysisk terrorism

Statane som er part i denne konvensjonen –

som tek omsyn til føremåla og prinsippa i pakta til Dei sameinte nasjonane om å halde ved lag internasjonal fred og tryggleik og om å fremje godt granneskap og venskaplege tilhøve og samarbeid mellom statane,

som minner om erklæringa som vart gjeven i høvet av femtiårsjubileet til Dei sameinte nasjonane 24. oktober 1995,

som erkjenner at alle statar har rett til å utvikle og nytte kjernekraft til fredelige føremål, og at dei har rettkomne interesser i dei moglege føremønene ved fredelig utnytting av kjernekraft,

som tek omsyn til konvensjonen om fysisk sikring av nukleært materiale av 1980,

som er djupt uroa over at det over heile verda finn stad ei opptopping av alle former for og utslag av terrorisme,

som òg minner om erklæringa om tiltak for å eliminere internasjonal terrorisme, som følgjer som vedlegg til generalforsamlingsresolusjon 49/60 av 9. desember 1994, der medlemsstatane i Dei sameinte nasjonane mellom anna høgtideleg stadfestar at dei klart fordømmer alle terrorhandlingar og -metodar og all terrorpraksis som kriminelle og umoglege å rettferdiggjere, same kvar og av kven dei vert gjorde, medrekna dei som set i fare dei venskaplege tilhøva mellom statar og folk og trugar statane sin territoriale integritet og tryggleik,

som merkar seg at erklæringa òg oppmuntra statane til med det aller første å gå gjennom verkeområdet for gjeldande internasjonale rettslege føresegner som tek sikte på å hindre, kjempe mot og eliminere alle former for og utslag av terrorisme, for å sikre at det ligg føre ei omfattande rettsleg ramme som omfattar alle sider ved dette spørsmålet,

som minner om generalforsamlingsresolusjon 51/210 av 17. desember 1996 og den utfyllande

plement the 1994 Declaration on Measures to Eliminate International Terrorism annexed thereto,

Recalling also that, pursuant to General Assembly resolution 51/210, an ad hoc committee was established to elaborate, inter alia, an international convention for the suppression of acts of nuclear terrorism to supplement related existing international instruments,

Noting that acts of nuclear terrorism may result in the gravest consequences and may pose a threat to international peace and security, Noting also that existing multilateral legal provisions do not adequately address those attacks,

Being convinced of the urgent need to enhance international cooperation between States in devising and adopting effective and practical measures for the prevention of such acts of terrorism and for the prosecution and punishment of their perpetrators,

Noting that the activities of military forces of States are governed by rules of international law outside of the framework of this Convention and that the exclusion of certain actions from the coverage of this Convention does not condone or make lawful otherwise unlawful acts, or preclude prosecution under other laws,

Have agreed as follows:

Article 1

For the purposes of this Convention:

1. "Radioactive material" means nuclear material and other radioactive substances which contain nuclides which undergo spontaneous disintegration (a process accompanied by emission of one or more types of ionizing radiation, such as alpha-, beta-, neutron particles and gamma rays) and which may, owing to their radiological or fissile properties, cause death, serious bodily injury or substantial damage to property or to the environment.
2. "Nuclear material" means plutonium, except that with isotopic concentration exceeding 80 per cent in plutonium-238; uranium-233; uranium enriched in the isotope 235 or 233; uranium containing the mixture of isotopes as occurring in nature other than in the form of ore or ore residue; or any material containing one or more of the foregoing;

erklæringa til erklæringa frå 1994 om tiltak for å eliminere internasjonal terrorisme, som følgjer som vedlegg til resolusjonen,

som òg minner om at det i generalforsamlingsresolusjon 51/210 vart oppnemnt ein ad hoc komité som mellom anna skal utarbeide ein internasjonal konvensjon mot kjernefysisk terrorisme, som skal utfylle skyldde gjeldande internasjonale dokument,

som merkar seg at kjernefysisk terrorisme kan få dei alvorlegaste følgjene og kan vere eit trugsmål mot internasjonal fred og tryggleik,

som òg merkar seg at gjeldande multilaterale rettslege føresegner ikkje tek opp slike åtak på ein fullgod måte,

som er overtydde om at det haster med å styrkje det internasjonale mellomstatlege samarbeidet om å utforme og vedta effektive og praktiske tiltak med sikte på å hindre slike terrorhandlingar og å reise påtale mot og straffe gjerningsmennene,

som merkar seg at aktivitetane til statane sine væpna styrkar er regulerte av folkerettslege føresegner som ligg utanfor ramma for denne konvensjonen, og at utelatinga av visse handlingar frå verkeområdet til denne konvensjonen ikkje inneber at handlingar som elles er ulovlege, kan godtakast eller vert lovlege, eller at påtale etter anna lovgjeving vert hindra –

har vorte samde om dette:

Artikkel 1

I denne konvensjonen gjeld dette:

1. "Radioaktivt materiale": kjernefysisk materiale og andre radioaktive stoff som inneheld nuklidar som gjennomgår spontan nedbryting (ein prosess som gjev frå seg ein eller fleire typar ioniserande stråling, til dømes alfa-, beta- og nøytronpartiklar og gammastrålar), og som på grunn av sine radiologiske eller spaltbare eigenskapar kan valde død, alvorleg lekamsskade eller vesentleg skade på eigedom eller miljø.
2. "Kjernefysisk materiale": plutonium, med unntak av plutonium med isotopkonsentrasjon over 80 prosent i plutonium 238, uran 233, uran opprikt i isotopane 235 eller 233, uran som inneheld blandinga av isotopar som finst i naturen i andre former enn malm eller malmrestar, eller materiale som inneheld eit eller fleire av dei stoffa som er nemnde ovanfor.

Whereby “uranium enriched in the isotope 235 or 233” means uranium containing the isotope 235 or 233 or both in an amount such that the abundance ratio of the sum of these isotopes to the isotope 238 is greater than the ratio of the isotope 235 to the isotope 238 occurring in nature.

3. “Nuclear facility” means:
 - (a) Any nuclear reactor, including reactors installed on vessels, vehicles, aircraft or space objects for use as an energy source in order to propel such vessels, vehicles, aircraft or space objects or for any other purpose;
 - (b) Any plant or conveyance being used for the production, storage, processing or transport of radioactive material.
4. “Device” means:
 - (a) Any nuclear explosive device; or
 - (b) Any radioactive material dispersal or radiation-emitting device which may, owing to its radiological properties, cause death, serious bodily injury or substantial damage to property or to the environment.
5. “State or government facility” includes any permanent or temporary facility or conveyance that is used or occupied by representatives of a State, members of a Government, the legislature or the judiciary or by officials or employees of a State or any other public authority or entity or by employees or officials of an intergovernmental organization in connection with their official duties.
6. “Military forces of a State” means the armed forces of a State which are organized, trained and equipped under its internal law for the primary purpose of national defence or security and persons acting in support of those armed forces who are under their formal command, control and responsibility.

Article 2

1. Any person commits an offence within the meaning of this Convention if that person unlawfully and intentionally:
 - (a) Possesses radioactive material or makes or possesses a device:
 - (i) With the intent to cause death or serious bodily injury; or
 - (ii) With the intent to cause substantial damage to property or to the environment;

“Uran opprikt i isotopane 235 eller 233” tyder uran som inneheld isotopane 235 og/eller 233 i ei mengd som er slik at høvet mellom summen av desse isotopane i høve til isotop 238 er høgare enn det høvet mellom isotop 235 og isotop 238 som finst i naturen.

3. “Atomanlegg”:
 - a) kjernereaktor, medrekna reaktor installert på farty, køyrety, luftfarty eller romføremål til bruk som energikjelde til å drive fram slike farty, køyrety, luftfarty eller romføremål eller til andre føremål,
 - b) anlegg eller transportmiddel som vert nytta til produksjon, lagring, handsaming eller transport av radioaktivt materiale.
4. “Innretning”:
 - a) kjernefysisk sprengladning eller
 - b) innretning som spreier radioaktivt materiale eller gjev frå seg stråling, og som på grunn av sine radiologiske eigenskapar kan valde død, alvorleg lekamsskade eller vesentleg skade på eigedom eller miljø.
5. “Statleg eller offentleg anlegg” omfattar kvart fast eller mellombels anlegg eller transportmiddel som vert nytta eller rådd over av representantar for ein stat, medlemmer av ei regjering, ei lovgjevande forsamling eller domstolane, eller tenestemenn eller tilsette i stat eller anna offentleg styresmakt eller eining, eller tilsette eller tenestemenn i ein mellomstatleg organisasjon, i samband med dei offisielle oppgåvene deira.
6. “Ein stats militære styrkar”: statlege væpna styrkar som er organiserte, opplærte og utstyrde etter vedkomande stats nasjonale lovgjeving, hovudsakleg for det føremålet å vareta nasjonalt forsvar eller nasjonal tryggleik, og personar som handlar til støtte for desse væpna styrkane, og som formelt er under deira kommando, kontroll og ansvar.

Artikkel 2

1. Ein person gjer ei straffbar handling etter denne konvensjonen dersom vedkomande ulovleg og med vilje
 - a) rår over radioaktivt materiale eller lagar eller rår over ei innretning
 - i) med vilje til å valde død eller alvorleg lekamsskade, eller
 - ii) med vilje til å valde vesentleg skade på eigedom eller miljø,

- (b) Uses in any way radioactive material or a device, or uses or damages a nuclear facility in a manner which releases or risks the release of radioactive material:
 - (i) With the intent to cause death or serious bodily injury; or
 - (ii) With the intent to cause substantial damage to property or to the environment; or
 - (iii) With the intent to compel a natural or legal person, an international organization or a State to do or refrain from doing an act.
- 2. Any person also commits an offence if that person:
 - (a) Threatens, under circumstances which indicate the credibility of the threat, to commit an offence as set forth in paragraph 1 (b) of the present article; or
 - (b) Demands unlawfully and intentionally radioactive material, a device or a nuclear facility by threat, under circumstances which indicate the credibility of the threat, or by use of force.
- 3. Any person also commits an offence if that person attempts to commit an offence as set forth in paragraph 1 of the present article.
- 4. Any person also commits an offence if that person:
 - (a) Participates as an accomplice in an offence as set forth in paragraph 1, 2 or 3 of the present article; or
 - (b) Organizes or directs others to commit an offence as set forth in paragraph 1, 2 or 3 of the present article; or
 - (c) In any other way contributes to the commission of one or more offences as set forth in paragraph 1, 2 or 3 of the present article by a group of persons acting with a common purpose; such contribution shall be intentional and either be made with the aim of furthering the general criminal activity or purpose of the group or be made in the knowledge of the intention of the group to commit the offence or offences concerned.

Article 3

This Convention shall not apply where the offence is committed within a single State, the alleged offender and the victims are nationals of that State, the alleged offender is found in the territory of that State and no other State has a basis under

- b) på nokon måte brukar radioaktivt materiale eller ei innretning eller brukar eller skadar eit atomanlegg på ein måte som frigjer eller kan frigjere radioaktivt materiale
 - i) med vilje til å valde død eller alvorleg lekamsskade, eller
 - ii) med vilje til å valde vesentleg skade på eigedom eller miljø, eller
 - iii) med vilje til å tvinge ein fysisk eller juridisk person, ein internasjonal organisasjon eller ein stat til å gjere eller ikkje gjere ei handling.
- 2. Ein person gjer òg ei straffbar handling dersom vedkomande
 - a) trugar, under omstende som viser truverdet av trugsmålet, med å gjere ei straffbar handling som er nemnd i nr. 1 bokstav b) i denne artikkelen, eller
 - b) ulovleg og med vilje krev radioaktivt materiale, ei innretning eller eit atomanlegg under trugsmål, under omstende som viser truverdet av trugsmålet, eller med bruk av makt.
- 3. Ein person gjer òg ei straffbar handling dersom vedkomande freistar å gjere ei straffbar handling som er nemnd i nr. 1 i denne artikkelen.
- 4. Ein person gjer òg ei straffbar handling dersom vedkomande
 - a) deltek som medskyldig i ei straffbar handling som er nemnd i nr. 1, 2 eller 3 i denne artikkelen, eller
 - b) organiserer eller instruerer andre til å gjere ei straffbar handling som er nemnd i nr. 1, 2 eller 3 i denne artikkelen, eller
 - c) på annan måte medverkar til at ei gruppe personar som handlar ut frå eit felles mål, gjer ei eller fleire straffbare handlingar som er nemnde i nr. 1, 2 eller 3 i denne artikkelen; slik medverknad skal vere med vilje og anten gjerast med sikte på å fremje den allmenne kriminelle verksemda eller føremålet til gruppa eller gjerast med kjennskap til at gruppa aktar å gjere den aktuelle straffbare handlinga eller dei aktuelle straffbare handlingane.

Artikkel 3

Denne konvensjonen skal ikkje nyttast når den straffbare handlinga er gjord i ein einskild stat, den påståtte gjerningsmannen og ofra er borgarar av denne staten, den påståtte gjerningsmannen vert funnen på territoriet til denne staten, og

article 9, paragraph 1 or 2, to exercise jurisdiction, except that the provisions of articles 7, 12, 14, 15, 16 and 17 shall, as appropriate, apply in those cases.

Article 4

1. Nothing in this Convention shall affect other rights, obligations and responsibilities of States and individuals under international law, in particular the purposes and principles of the Charter of the United Nations and international humanitarian law.
2. The activities of armed forces during an armed conflict, as those terms are understood under international humanitarian law, which are governed by that law are not governed by this Convention, and the activities undertaken by military forces of a State in the exercise of their official duties, inasmuch as they are governed by other rules of international law, are not governed by this Convention.
3. The provisions of paragraph 2 of the present article shall not be interpreted as condoning or making lawful otherwise unlawful acts, or precluding prosecution under other laws.
4. This Convention does not address, nor can it be interpreted as addressing, in any way, the issue of the legality of the use or threat of use of nuclear weapons by States.

Article 5

Each State Party shall adopt such measures as may be necessary:

- (a) To establish as criminal offences under its national law the offences set forth in article 2;
- (b) To make those offences punishable by appropriate penalties which take into account the grave nature of these offences.

Article 6

Each State Party shall adopt such measures as may be necessary, including, where appropriate, domestic legislation, to ensure that criminal acts within the scope of this Convention, in particular where they are intended or calculated to provoke a state of terror in the general public or in a group

ingen annan stat har heimel til å utøve jurisdiksjon etter artikkel 9 nr. 1 eller nr. 2, med det unntaket at føresegnene i artikkel 7, 12, 14, 15, 16 og 17, alt etter kva som er tilfellet, skal nyttast i desse tilfella.

Artikkel 4

1. Ikkje noko i denne konvensjonen skal ha innverknad på andre rettar og plikter og anna ansvar som statar og einskildpersonar har etter folkeretten, særleg føremåla og prinsippa i pakta til Dei sameinte nasjonane og i den internasjonale humanitærretten.
2. Verksemda til væpna styrkar i ein væpna konflikt, slik desse termene er definerte i den internasjonale humanitærretten, som vert regulert av nemnde rett, vert ikkje regulert av denne konvensjonen, og verksemda til ein stats væpna styrkar som utfører sine offisielle oppgåver, så langt denne verksemda vert regulert av andre reglar i folkeretten, vert heller ikkje regulert av denne konvensjonen.
3. Føresegnene i nr. 2 i denne artikkelen skal ikkje tolkast slik at dei godtek ulovlege handlingar eller gjer elles ulovlege handlingar lovlege eller hindrar påtale etter anna lovgjeving.
4. Denne konvensjonen regulerer ikkje og kan heller ikkje på nokon måte tolkast slik at han regulerer spørsmålet om legaliteten av at statar brukar eller trugar med å bruke kjernefysiske våpen.

Artikkel 5

Kvar part skal vedta dei tiltaka som krevst

- a) for å fastsetje at dei straffbare handlingane som er nemnde i artikkel 2, er straffbare etter nasjonal lovgjeving,
- b) for å fastsetje høvelege straffer for desse straffbare handlingane, der det vert teke omsyn til at dette er alvorlege straffbare handlingar.

Artikkel 6

Kvar part skal vedta dei tiltaka som krevst, mellom anna føresegnene i nasjonal lovgjeving når det høver, for å sikre at kriminelle handlingar etter denne konvensjonen, særleg når dei er gjorde med vilje eller for å skape frykt hjå ålmenta eller hjå ei gruppe personar eller hjå visse personar,

of persons or particular persons, are under no circumstances justifiable by considerations of a political, philosophical, ideological, racial, ethnic, religious or other similar nature and are punished by penalties consistent with their grave nature.

Article 7

1. States Parties shall cooperate by:
 - (a) Taking all practicable measures, including, if necessary, adapting their national law, to prevent and counter preparations in their respective territories for the commission within or outside their territories of the offences set forth in article 2, including measures to prohibit in their territories illegal activities of persons, groups and organizations that encourage, instigate, organize, knowingly finance or knowingly provide technical assistance or information or engage in the perpetration of those offences;
 - (b) Exchanging accurate and verified information in accordance with their national law and in the manner and subject to the conditions specified herein, and coordinating administrative and other measures taken as appropriate to detect, prevent, suppress and investigate the offences set forth in article 2 and also in order to institute criminal proceedings against persons alleged to have committed those crimes. In particular, a State Party shall take appropriate measures in order to inform without delay the other States referred to in article 9 in respect of the commission of the offences set forth in article 2 as well as preparations to commit such offences about which it has learned, and also to inform, where appropriate, international organizations.
2. States Parties shall take appropriate measures consistent with their national law to protect the confidentiality of any information which they receive in confidence by virtue of the provisions of this Convention from another State Party or through participation in an activity carried out for the implementation of this Convention. If States Parties provide information to international organizations in confidence, steps shall be taken to ensure that the confidentiality of such information is protected.
3. States Parties shall not be required by this Convention to provide any information which they are not permitted to communicate pur-

ikkje under noko omstende er rettvise ut frå politiske, filosofiske, ideologiske, rasemessige, etniske, religiøse eller liknande omsyn og vert straffa på ein måte som står i høve til at dette er alvorlege straffbare handlingar.

Artikkel 7

1. Partane skal samarbeide
 - a) ved å gjere alle praktisk gjennomførlege tiltak, om naudsynt ved å tilpasse si nasjonale lovgjeving, for å hindre og motverke at det på eige territorium vert førebudd straffbare handlingar som er nemnde i artikkel 2, på eller utanfor eige territorium, mellom anna tiltak for å forby på eige territorium ulovleg verksemd utført av personar, grupper og organisasjonar som oppmuntrar til, eggjar til, organiserer, medvite finansierer eller medvite gjev fagleg hjelp eller opplysningar til eller deltek i gjennomføringa av desse straffbare handlingane,
 - b) ved å utveksle nøyaktige og verifiserte opplysningar i samsvar med si nasjonale lovgjeving og i samsvar med vilkåra som er fastsette her, og ved å samordne administrative og andre tiltak som vert gjorde for å oppdage, hindre, kjempe mot og etterforske dei straffbare handlingane som er nemnde i artikkel 2, og også for å reise straffesak mot personar som det vert påstått har gjort desse brotsverka. Særleg skal ein part gjere høvelege tiltak for å opplyse med ein gong dei andre statane som er nemnde i artikkel 9, dersom det vert gjort straffbare handlingar som er nemnde i artikkel 2, eller dersom det vert gjort førebuingar til slike straffbare handlingar som parten har fått kjennskap til, og også for å opplyse internasjonale organisasjonar, når det høver.
2. Partane skal gjere høvelege tiltak i samsvar med si nasjonale lovgjeving for å halde fortrulege alle opplysningar som dei får i trumål i kraft av føresegnene i denne konvensjonen frå ein annan part eller ved deltaking i ein aktivitet som vert utført i samband med gjennomføringa av denne konvensjonen. Dersom partane gjev opplysningar til internasjonale organisasjonar i trumål, skal det gjerast tiltak for å sikre at desse opplysningane vert haldne fortrulege.
3. Denne konvensjonen krev ikkje at partane skal gje opplysningar som det er ulovleg å gje vidare etter nasjonal lovgjeving, eller som

suant to national law or which would jeopardize the security of the State concerned or the physical protection of nuclear material.

4. States Parties shall inform the Secretary-General of the United Nations of their competent authorities and liaison points responsible for sending and receiving the information referred to in the present article. The Secretary-General of the United Nations shall communicate such information regarding competent authorities and liaison points to all States Parties and the International Atomic Energy Agency. Such authorities and liaison points must be accessible on a continuous basis.

Article 8

For purposes of preventing offences under this Convention, States Parties shall make every effort to adopt appropriate measures to ensure the protection of radioactive material, taking into account relevant recommendations and functions of the International Atomic Energy Agency.

Article 9

1. Each State Party shall take such measures as may be necessary to establish its jurisdiction over the offences set forth in article 2 when:
 - (a) The offence is committed in the territory of that State; or
 - (b) The offence is committed on board a vessel flying the flag of that State or an aircraft which is registered under the laws of that State at the time the offence is committed; or
 - (c) The offence is committed by a national of that State.
2. A State Party may also establish its jurisdiction over any such offence when:
 - (a) The offence is committed against a national of that State; or
 - (b) The offence is committed against a State or government facility of that State abroad, including an embassy or other diplomatic or consular premises of that State; or
 - (c) The offence is committed by a stateless person who has his or her habitual residence in the territory of that State; or

ville setje tryggleiken til staten eller den fysiske sikringa av kjernefysisk materiale i fare.

4. Partane skal opplyse Generalsekretæren i Dei sameinte nasjonane om sine vedkomande styresmakter og kontaktpunkt som er ansvarlege for å sende og ta imot opplysningane som er nemnde i denne artikkelen. Generalsekretæren i Dei sameinte nasjonane skal sende desse opplysningane om vedkomande styresmakter og kontaktpunkt til alle partane og Det internasjonale atomenergibyrået. Desse styresmaktene og kontaktpunkta må vere tilgjengelege heile tida.

Artikkel 8

For det føremålet å hindre straffbare handlingar etter denne konvensjonen, skal partane gjere sitt beste for å vedta høvelege tiltak for å sikre vern av radioaktivt materiale, samtidig som dei tek omsyn til aktuelle tilrådingar frå og funksjonar til Det internasjonale atomenergibyrået.

Artikkel 9

1. Kvar part skal gjere dei tiltaka som krevst for å fastsetje at han har domsmakt over dei straffbare handlingane som er nemnde i artikkel 2, når:
 - a) den straffbare handlinga er gjort på territoriet til vedkomande stat, eller
 - b) den straffbare handlinga er gjort om bord på eit farty som førte flagget til vedkomande stat, eller eit luftfarty som var registrert etter lovgjevinga til vedkomande stat på det tidspunktet då den straffbare handlinga vart gjort, eller
 - c) den straffbare handlinga er gjort av ein statsborgar av vedkomande stat.
2. Ein part kan òg fastsetje at han har domsmakt over kvar slik straffbar handling når:
 - a) den straffbare handlinga er gjort mot ein statsborgar av vedkomande stat, eller
 - b) den straffbare handlinga er gjort mot eit statleg eller offentleg anlegg som tilhøyrer vedkomande stat i utlandet, medrekna ambassade eller annan diplomatisk eller konsulært område som tilhøyrer vedkomande stat, eller
 - c) den straffbare handlinga er gjort av ein statslaus person som til vanlig er busett på territoriet til vedkomande stat, eller

- (d) The offence is committed in an attempt to compel that State to do or abstain from doing any act; or
 - (e) The offence is committed on board an aircraft which is operated by the Government of that State.
3. Upon ratifying, accepting, approving or acceding to this Convention, each State Party shall notify the Secretary-General of the United Nations of the jurisdiction it has established under its national law in accordance with paragraph 2 of the present article. Should any change take place, the State Party concerned shall immediately notify the Secretary-General.
 4. Each State Party shall likewise take such measures as may be necessary to establish its jurisdiction over the offences set forth in article 2 in cases where the alleged offender is present in its territory and it does not extradite that person to any of the States Parties which have established their jurisdiction in accordance with paragraph 1 or 2 of the present article.
 5. This Convention does not exclude the exercise of any criminal jurisdiction established by a State Party in accordance with its national law.

Article 10

1. Upon receiving information that an offence set forth in article 2 has been committed or is being committed in the territory of a State Party or that a person who has committed or who is alleged to have committed such an offence may be present in its territory, the State Party concerned shall take such measures as may be necessary under its national law to investigate the facts contained in the information.
2. Upon being satisfied that the circumstances so warrant, the State Party in whose territory the offender or alleged offender is present shall take the appropriate measures under its national law so as to ensure that person's presence for the purpose of prosecution or extradition.
3. Any person regarding whom the measures referred to in paragraph 2 of the present article are being taken shall be entitled:
 - (a) To communicate without delay with the nearest appropriate representative of the State of which that person is a national or

- d) den straffbare handlinga er gjort i ein freistnad på å tvinge vedkomande stat til å gjere eller ikkje gjere ei handling, eller
 - e) den straffbare handlinga er gjort om bord på eit luftfartøy som vert drive av regjeringa i vedkomande stat.
3. Kvar part skal, etter å ha ratifisert, godteke, godkjent eller tiltrede denne konvensjonen, melde frå til Generalsekretæren i Dei sameinte nasjonane om den domsmakta som parten har fastsett etter si nasjonale lovgjeving i samsvar med nr. 2 i denne artikkelen. Dersom det skjer ei endring, skal vedkomande part straks melde frå til Generalsekretæren.
 4. Kvar part skal sameleis gjere dei tiltaka som krevst for å fastsetje at han har domsmakt over dei straffbare handlingane som er nemnde i artikkel 2, i dei tilfella der den påståtte gjerningsmannen oppheld seg på territoriet til parten, og parten ikkje utleverer vedkomande til nokon av dei partane som har fastsett at dei har domsmakt i samsvar med nr. 1 eller 2 i denne artikkelen.
 5. Denne konvensjonen hindrar ikkje utøving av domsmakt i straffesaker som ein part har fastsett i samsvar med si nasjonale lovgjeving.

Artikkel 10

1. Når ein part får opplysningar om at det har vorte gjort eller vert gjort ei straffbar handling som er nemnd i artikkel 2, på territoriet til ein part, eller om at ein person som har gjort eller som det vert påstått har gjort ei slik straffbar handling, kan opphalde seg på territoriet til parten, skal parten gjere dei tiltaka som krevst etter si nasjonale lovgjeving for å undersøkje innhaldet i opplysningane.
2. Etter å ha forvissa seg om at tilhøva gjev grunnlag for det, skal den parten som gjerningsmannen eller den påståtte gjerningsmannen oppheld seg på territoriet til, gjere høvelege tiltak i samsvar med si nasjonale lovgjeving for å sikre at vedkomande er til stades, med tanke på straffefølgjing eller utlevering.
3. Ein person som tiltaka som er nemnde i nr. 2 i denne artikkelen er retta mot, skal ha rett til
 - a) å kommunisere med ein gong med den næraste høvelege representanten for staten som vedkomande er statsborgar av, eller

which is otherwise entitled to protect that person's rights or, if that person is a stateless person, the State in the territory of which that person habitually resides;

- (b) To be visited by a representative of that State;
- (c) To be informed of that person's rights under subparagraphs (a) and (b).
- 4. The rights referred to in paragraph 3 of the present article shall be exercised in conformity with the laws and regulations of the State in the territory of which the offender or alleged offender is present, subject to the provision that the said laws and regulations must enable full effect to be given to the purposes for which the rights accorded under paragraph 3 are intended.
- 5. The provisions of paragraphs 3 and 4 of the present article shall be without prejudice to the right of any State Party having a claim to jurisdiction in accordance with article 9, paragraph 1 (c) or 2 (c), to invite the International Committee of the Red Cross to communicate with and visit the alleged offender.
- 6. When a State Party, pursuant to the present article, has taken a person into custody, it shall immediately notify, directly or through the Secretary-General of the United Nations, the States Parties which have established jurisdiction in accordance with article 9, paragraphs 1 and 2, and, if it considers it advisable, any other interested States Parties, of the fact that that person is in custody and of the circumstances which warrant that person's detention. The State which makes the investigation contemplated in paragraph 1 of the present article shall promptly inform the said States Parties of its findings and shall indicate whether it intends to exercise jurisdiction.

Article 11

1. The State Party in the territory of which the alleged offender is present shall, in cases to which article 9 applies, if it does not extradite that person, be obliged, without exception whatsoever and whether or not the offence was committed in its territory, to submit the case without undue delay to its competent authorities for the purpose of prosecution, through proceedings in accordance with the laws of that State. Those authorities shall take their decision in the same manner as in

som på annan måte har rett til å verne om vedkomande sine rettar, eller, dersom vedkomande er ein statslaus person, staten som vedkomande til vanlig er busett på territoriet til,

- b) å verte vitja av ein representant for denne staten,
- c) å verte opplyst om rettane sine etter bokstav a) og b).
- 4. Rettane som er nemnde i nr. 3 i denne artikkelen, skal utøvast i samsvar med lovene og forskriftene i den staten som gjerningsmannen eller den påståtte gjerningsmannen oppheld seg på territoriet til, under den føresetnaden at desse lovene og forskriftene gjer det mogleg å fullt ut oppfylle dei føremåla som ligg til grunn for rettane som er nemnde i nr. 3.
- 5. Føresegnene i nr. 3 og 4 i denne artikkelen skal ikkje røre ved retten til ein part som gjer krav på domsmakt i samsvar med artikkel 9 nr. 1 bokstav c) eller nr. 2 bokstav c) til å oppmode Den internasjonale raudekrosskomiteen til å kommunisere med og vitje den påståtte gjerningsmannen.
- 6. Når ein part har arrestert ein person i samsvar med denne artikkelen, skal han straks melde frå, direkte eller gjennom Generalsekretæren i Dei sameinte nasjonane, til partane som har fastsett domsmakt i samsvar med artikkel 9 nr. 1 og 2, og, dersom han meiner at det er føremålstenleg, eventuelt andre partar som saka gjeld, om at vedkomande er teken i forvaring, og om omstenda som ligg til grunn for forvaringa av vedkomande. Staten som gjennomfører undersøkinga som er nemnd i nr. 1 i denne artikkelen, skal opplyse dei nemnde partane om resultatet av undersøkinga med ein gong og skal oppgje om han aktar å utøve domsmakt.

Artikkel 11

1. I saker som artikkel 9 skal nyttast på, skal parten som den påståtte gjerningsmannen oppheld seg på territoriet til, dersom parten ikkje utleverer vedkomande, utan noko unntak og uavhengig av om den straffbare handlinga er gjort på territoriet til parten eller ikkje, så snart som råd leggje fram saka for sine vedkomande styresmakter med tanke på å reise sak, etter ein framgangsmåte som er i samsvar med lovgjevinga i denne staten. Desse styresmaktene skal ta avgjerda si på

the case of any other offence of a grave nature under the law of that State.

2. Whenever a State Party is permitted under its national law to extradite or otherwise surrender one of its nationals only upon the condition that the person will be returned to that State to serve the sentence imposed as a result of the trial or proceeding for which the extradition or surrender of the person was sought, and this State and the State seeking the extradition of the person agree with this option and other terms they may deem appropriate, such a conditional extradition or surrender shall be sufficient to discharge the obligation set forth in paragraph 1 of the present article.

Article 12

Any person who is taken into custody or regarding whom any other measures are taken or proceedings are carried out pursuant to this Convention shall be guaranteed fair treatment, including enjoyment of all rights and guarantees in conformity with the law of the State in the territory of which that person is present and applicable provisions of international law, including international law of human rights.

Article 13

1. The offences set forth in article 2 shall be deemed to be included as extraditable offences in any extradition treaty existing between any of the States Parties before the entry into force of this Convention. States Parties undertake to include such offences as extraditable offences in every extradition treaty to be subsequently concluded between them.
2. When a State Party which makes extradition conditional on the existence of a treaty receives a request for extradition from another State Party with which it has no extradition treaty, the requested State Party may, at its option, consider this Convention as a legal basis for extradition in respect of the offences set forth in article 2. Extradition shall be subject to the other conditions provided by the law of the requested State.
3. States Parties which do not make extradition conditional on the existence of a treaty shall recognize the offences set forth in article 2

same måte som i alle andre tilfelle der det gjeld alvorlege straffbare handlingar, i samsvar med lovgjevinga i denne staten.

2. Når ein part etter si nasjonale lovgjeving kan utlevere eller på annan måte overlevere ein av borgarane sine berre på det vilkåret at vedkomande skal sendast attende til staten for å sone den straffa som vedkomande vert dømd til, som følgje av rettssaka eller rettargangen som det vart søkt om utlevering eller overlevering av vedkomande til, og når denne staten og staten som oppmodar om utlevering av vedkomande, er samde om dette og andre vilkår som dei meiner er høvelege, skal ei slik vilkårsbunden utlevering eller overlevering vere tilstrekkeleg til å oppfylle plikta som er fastsett i nr. 1 i denne artikkelen.

Artikkel 12

Ein person som er teken i forvaring, eller som det er retta andre tiltak mot, eller som vert straffefølgd i samsvar med denne konvensjonen, skal sikrast ei rettferdig handsaming og alle rettar og garantiar i samsvar med lovgjevinga i den staten som vedkomande oppheld seg på territoriet til, og gjeldande folkerettslege føresegner, medrekna folkerettens føresegner på menneskerettsområdet.

Artikkel 13

1. Dei straffbare handlingane som er nemnde i artikkel 2, skal reknast for å vere grunnlag for utlevering i alle utleveringsavtaler som fanst mellom partane før denne konvensjonen tok til å gjelde. Partane bind seg til å ta med slike straffbare handlingar som grunnlag for utlevering i alle utleveringsavtaler som seinare vert inngådde mellom dei.
2. Når ein part som set som vilkår for utlevering at det finst ei avtale, tek imot ei oppmoding om utlevering frå ein annan part som parten ikkje har utleveringsavtale med, kan den oppmoda parten, etter eige val, rekne denne konvensjonen som rettsleg grunnlag for utlevering når det gjeld dei straffbare handlingane som er nemnde i artikkel 2. Utlevering skal gjerast i samsvar med dei andre vilkåra som er fastsette i lovgjevinga til den oppmoda staten.
3. Partar som ikkje set som vilkår for utlevering at det finst ei avtale, skal godta dei straffbare handlingane som er fastsette i artikkel 2,

as extraditable offences between themselves, subject to the conditions provided by the law of the requested State.

4. If necessary, the offences set forth in article 2 shall be treated, for the purposes of extradition between States Parties, as if they had been committed not only in the place in which they occurred but also in the territory of the States that have established jurisdiction in accordance with article 9, paragraphs 1 and 2.
5. The provisions of all extradition treaties and arrangements between States Parties with regard to offences set forth in article 2 shall be deemed to be modified as between States Parties to the extent that they are incompatible with this Convention.

Article 14

1. States Parties shall afford one another the greatest measure of assistance in connection with investigations or criminal or extradition proceedings brought in respect of the offences set forth in article 2, including assistance in obtaining evidence at their disposal necessary for the proceedings.
2. States Parties shall carry out their obligations under paragraph 1 of the present article in conformity with any treaties or other arrangements on mutual legal assistance that may exist between them. In the absence of such treaties or arrangements, States Parties shall afford one another assistance in accordance with their national law.

Article 15

None of the offences set forth in article 2 shall be regarded, for the purposes of extradition or mutual legal assistance, as a political offence or as an offence connected with a political offence or as an offence inspired by political motives. Accordingly, a request for extradition or for mutual legal assistance based on such an offence may not be refused on the sole ground that it concerns a political offence or an offence connected with a political offence or an offence inspired by political motives.

som utleveringskvalifiserande straffbare handlingar seg imellom, i samsvar med vilkåra som er fastsette i lovgjevinga til den oppmoda parten.

4. Om naudsynt skal dei straffbare handlingane som er nemnde i artikkel 2, i samband med utlevering mellom partar, reknast som om dei hadde vorte gjorde ikkje berre på den staden som dei vart, men òg på territoriet til partane som har fastsett domsmakt i samsvar med artikkel 9 nr. 1 og 2.
5. Føresegnene i alle utleveringsavtaler og ordningar mellom partar som gjeld straffbare handlingar som er nemnde i artikkel 2, skal reknast som endra mellom partane så langt dei er uforlikelege med denne konvensjonen.

Artikkel 14

1. Partane skal gje kvarandre mest mogleg hjelp i samband med etterforsking, straffesak eller utleveringssak som er knytt til dei straffbare handlingane som er nemnde i artikkel 2, mellom anna hjelp til å skaffe prov som dei har, og som krevst i sakene.
2. Partane skal oppfylle pliktene sine etter nr. 1 i denne artikkelen i samsvar med eventuelle avtaler eller andre ordningar om gjensidig juridisk hjelp som finst mellom dei. I mangel på slike avtaler eller ordningar skal partane gje kvarandre hjelp i samsvar med den nasjonale lovgjevinga si.

Artikkel 15

Ingen av dei straffbare handlingane som er nemnde i artikkel 2, skal, når det gjeld spørsmålet om utlevering eller gjensidig rettsleg hjelp, reknast som ei politisk straffbar handling eller som ei straffbar handling knytt til ei politisk straffbar handling eller som ei straffbar handling som er politisk motivert. Ei oppmoding om utlevering eller om gjensidig rettsleg hjelp grunna på ei slik straffbar handling kan såleis ikkje verte avvist berre på det grunnlaget at det dreier seg om ei politisk straffbar handling eller ei straffbar handling som er knytt til ei politisk straffbar handling, eller ei straffbar handling som er politisk motivert.

Article 16

Nothing in this Convention shall be interpreted as imposing an obligation to extradite or to afford mutual legal assistance if the requested State Party has substantial grounds for believing that the request for extradition for offences set forth in article 2 or for mutual legal assistance with respect to such offences has been made for the purpose of prosecuting or punishing a person on account of that person's race, religion, nationality, ethnic origin or political opinion or that compliance with the request would cause prejudice to that person's position for any of these reasons.

Article 17

1. A person who is being detained or is serving a sentence in the territory of one State Party whose presence in another State Party is requested for purposes of testimony, identification or otherwise providing assistance in obtaining evidence for the investigation or prosecution of offences under this Convention may be transferred if the following conditions are met:
 - (a) The person freely gives his or her informed consent; and
 - (b) The competent authorities of both States agree, subject to such conditions as those States may deem appropriate.
2. For the purposes of the present article:
 - (a) The State to which the person is transferred shall have the authority and obligation to keep the person transferred in custody, unless otherwise requested or authorized by the State from which the person was transferred;
 - (b) The State to which the person is transferred shall without delay implement its obligation to return the person to the custody of the State from which the person was transferred as agreed beforehand, or as otherwise agreed, by the competent authorities of both States;
 - (c) The State to which the person is transferred shall not require the State from which the person was transferred to initiate extradition proceedings for the return of the person;
 - (d) The person transferred shall receive credit for service of the sentence being served in the State from which he or she was transferred for time spent in the custody of the State to which he or she was transferred.

Artikkel 16

Ikkje noko i denne konvensjonen skal tolkast slik at det inneber ei plikt til å utlevere eller til å gje gjensidig rettsleg hjelp dersom den oppmoda parten har gode grunnar til å tru at oppmodinga om utlevering for straffbare handlingar som er nemnde i artikkel 2, eller om gjensidig rettsleg hjelp med omsyn til slike straffbare handlingar har vorte gjort for å forfølgje eller straffe ein person på grunn av personens rase, religion, nasjonalitet, etniske opphav eller politiske meiningar, eller at det av ein av desse grunnane ville skade personens stilling dersom oppmodinga vart følgd.

Artikkel 17

1. Ein person som vert halden i forvaring, eller som sonar ein dom på territoriet til ein part, som det vert oppmoda om skal vere til stades i ein annan statspart med tanke på forklaring, identifisering eller anna yting av hjelp til å skaffe prov i samband med etterforsking eller påtale av straffbare handlingar som er omfatta av denne konvensjonen, kan overførast dersom desse vilkåra er oppfylte:
 - a) Vedkomande gjev sitt informerte samtykke frivillig, og
 - b) vedkomande styresmakter i begge statane samtykkjer, på dei vilkåra som desse statane meiner er høvelege.
2. Med omsyn til denne artikkelen gjeld dette:
 - a) Staten som personen vert overført til, skal ha mynd og plikt til å halde den overførte personen i forvaring i fengsel, med mindre parten som personen vart overført frå, har oppmoda om eller godkjent noko anna.
 - b) Staten som personen vert overført til, skal med ein gong oppfylle plikta til å føre personen tilbake til varetekt i den staten som personen vart overført frå, slik det vart avtala på førehand eller vert avtala på annan måte av vedkomande styresmakter i dei to statane.
 - c) Staten som personen vert overført til, skal ikkje krevje at staten som personen vart overført frå, skal innleie utleveringssak om tilbakeføring av personen.
 - d) Personen som vert overført, skal få frådrag for den delen av straffa som vert sona i staten som vedkomande vert overført frå, og for den tida som vedkomande sit i varetekt i den staten som vedkomande vert overført til.

3. Unless the State Party from which a person is to be transferred in accordance with the present article so agrees, that person, whatever his or her nationality, shall not be prosecuted or detained or subjected to any other restriction of his or her personal liberty in the territory of the State to which that person is transferred in respect of acts or convictions anterior to his or her departure from the territory of the State from which such person was transferred.

Article 18

1. Upon seizing or otherwise taking control of radioactive material, devices or nuclear facilities, following the commission of an offence set forth in article 2, the State Party in possession of such items shall:
 - (a) Take steps to render harmless the radioactive material, device or nuclear facility;
 - (b) Ensure that any nuclear material is held in accordance with applicable International Atomic Energy Agency safeguards; and
 - (c) Have regard to physical protection recommendations and health and safety standards published by the International Atomic Energy Agency.
2. Upon the completion of any proceedings connected with an offence set forth in article 2, or sooner if required by international law, any radioactive material, device or nuclear facility shall be returned, after consultations (in particular, regarding modalities of return and storage) with the States Parties concerned to the State Party to which it belongs, to the State Party of which the natural or legal person owning such radioactive material, device or facility is a national or resident, or to the State Party from whose territory it was stolen or otherwise unlawfully obtained.
3.
 - (a) Where a State Party is prohibited by national or international law from returning or accepting such radioactive material, device or nuclear facility or where the States Parties concerned so agree, subject to paragraph 3 (b) of the present article, the State Party in possession of the radioactive material, devices or nuclear facilities shall conti-

3. Med mindre staten som ein person skal overførast frå i samsvar med denne artikkelen, samtykkjer i det, skal ikkje vedkomande, same kva nasjonalitet vedkomande har, straffeforfølgjast eller takast i forvaring eller på annan måte få den personlege fridomen sin innskrenka på territoriet til staten som vedkomande vert overført til, med omsyn til handlingar eller domfellingar før vedkomande forlét territoriet til staten som vedkomande vart overført frå.

Artikkel 18

1. Når det, etter at det har vorte gjort ei straffbar handling som er nemnd i artikkel 2, vert kverrsett eller på annan måte teke kontroll over radioaktivt materiale, innretning eller atomanlegg, skal parten som rår over materialet, innretninga eller anlegget,
 - a) gjere tiltak for å uskadeliggjere det radioaktive materialet, innretninga eller atomanlegget,
 - b) sikre at kjernefysisk materiale vert teke vare på i samsvar med gjeldande vernereglar frå Det internasjonale atomenergibyrået, og
 - c) ta omsyn til tilrådingar om fysisk sikring og standardar for helse og tryggleik som er utgjeve av Det internasjonale atomenergibyrået.
2. Når rettargang i samband med ei straffbar handling som er nemnd i artikkel 2, er over, eller tidlegare dersom det krevst etter folkeretten, skal radioaktivt materiale, innretning eller atomanlegg sendast tilbake, etter samråd med dei partane som saka gjeld (særleg om føresegner for tilbakesending og lagring), til den parten som materialet, innretninga eller anlegget tilhøyrrer, til den parten som den fysiske eller juridiske personen som eig materialet, innretninga eller anlegget er statsborgar av eller busett i, eller til den parten som eig territoriet som materialet, innretninga eller anlegget vart stole eller på annan måte vart teke ulovleg frå.
3.
 - a) Når nasjonal lovgjeving eller folkeretten forbyr ein part å sende tilbake eller ta imot det radioaktive materialet, innretninga eller atomanlegget, eller når dei partane som saka gjeld, vert samde om det, i samsvar med nr. 3 (2) i denne artikkelen, skal parten som rår over det radioaktive materialet, innretninga eller atomanlegget, halde fram å

nue to take the steps described in paragraph 1 of the present article; such radioactive material, devices or nuclear facilities shall be used only for peaceful purposes;

- (b) Where it is not lawful for the State Party in possession of the radioactive material, devices or nuclear facilities to possess them, that State shall ensure that they are placed as soon as possible in the possession of a State for which such possession is lawful and which, where appropriate, has provided assurances consistent with the requirements of paragraph 1 of the present article in consultation with that State, for the purpose of rendering it harmless; such radioactive material, devices or nuclear facilities shall be used only for peaceful purposes.
4. If the radioactive material, devices or nuclear facilities referred to in paragraphs 1 and 2 of the present article do not belong to any of the States Parties or to a national or resident of a State Party or was not stolen or otherwise unlawfully obtained from the territory of a State Party, or if no State is willing to receive such items pursuant to paragraph 3 of the present article, a separate decision concerning its disposition shall, subject to paragraph 3 (b) of the present article, be taken after consultations between the States concerned and any relevant international organizations.
5. For the purposes of paragraphs 1, 2, 3 and 4 of the present article, the State Party in possession of the radioactive material, device or nuclear facility may request the assistance and cooperation of other States Parties, in particular the States Parties concerned, and any relevant international organizations, in particular the International Atomic Energy Agency. States Parties and the relevant international organizations are encouraged to provide assistance pursuant to this paragraph to the maximum extent possible.
6. The States Parties involved in the disposition or retention of the radioactive material, device or nuclear facility pursuant to the present article shall inform the Director General of the International Atomic Energy Agency of the manner in which such an item was disposed of or retained. The Director General of the International Atomic Energy Agency shall transmit the information to the other States Parties.
7. In the event of any dissemination in connection with an offence set forth in article 2, not-

gjere dei tiltaka som er nemnde i nr. 1 i denne artikkelen; det radioaktive materialet, innretninga eller atomanlegget skal brukast berre til fredelige føremål.

- b) Når det ikkje er lovleg for parten som rår over det radioaktive materialet, innretninga eller atomanlegget, å ha slikt rådvelde, skal parten sikre at materialet, innretninga eller anlegget så snart som mogleg vert overført til ein stat som har lov til å ha slikt rådvelde, og som eventuelt har gjeve forsikringar i samsvar med krava i nr. 1 i denne artikkelen i samråd med vedkomande stat, for det føremålet å uskadeleggjere materialet, innretninga eller anlegget; det radioaktive materialet, innretninga eller atomanlegget skal brukast berre til fredelige føremål.
4. Dersom det radioaktive materialet, innretninga eller atomanlegget som er nemnt i nr. 1 og 2 i denne artikkelen, ikkje tilhøyrer nokon av partane eller ein statsborgar eller ein person busett i ein part eller ikkje vart stole eller på annan måte vart teke ulovleg frå territoriet til ein part, eller dersom ingen stat er villig til å ta imot tingen i samsvar med nr. 3 i denne artikkelen, skal det takast ei eiga avgjerd om korleis ein skal kvitte seg med tingen, i samsvar med nr. 3 (2) i denne artikkelen, etter samråd mellom dei statane som saka gjeld, og eventuelle relevante internasjonale organisasjonar.
5. For føremåla i nr. 1, 2, 3 og 4 i denne artikkelen kan parten som rår over det radioaktive materialet, innretninga eller atomanlegget, be andre partar om hjelp og samarbeid, særleg dei partane som saka gjeld, og eventuelle relevante internasjonale organisasjonar, særleg Det internasjonale atomenergibyrået. Partane og dei relevante internasjonale organisasjonane vert oppmuntra til å gje så mykje hjelp etter dette nummeret som råd.
6. Partane som arbeider med å kvitte seg med eller behalde det radioaktive materialet, innretninga eller atomanlegget i samsvar med denne artikkelen, skal opplyse Generaldirektøren i Det internasjonale atomenergibyrået om korleis ein kvitta seg med eller beholdt tingen. Generaldirektøren i Det internasjonale atomenergibyrået skal sende opplysningane til dei andre partane.
7. I tilfelle speiing i samband med ei straffbar handling som er nemnd i artikkel 2, skal

hing in the present article shall affect in any way the rules of international law governing liability for nuclear damage, or other rules of international law.

Article 19

The State Party where the alleged offender is prosecuted shall, in accordance with its national law or applicable procedures, communicate the final outcome of the proceedings to the Secretary-General of the United Nations, who shall transmit the information to the other States Parties.

Article 20

States Parties shall conduct consultations with one another directly or through the Secretary-General of the United Nations, with the assistance of international organizations as necessary, to ensure effective implementation of this Convention.

Article 21

The States Parties shall carry out their obligations under this Convention in a manner consistent with the principles of sovereign equality and territorial integrity of States and that of non-intervention in the domestic affairs of other States.

Article 22

Nothing in this Convention entitles a State Party to undertake in the territory of another State Party the exercise of jurisdiction and performance of functions which are exclusively reserved for the authorities of that other State Party by its national law.

Article 23

1. Any dispute between two or more States Parties concerning the interpretation or application of this Convention which cannot be settled through negotiation within a reasonable time shall, at the request of one of them, be submitted to arbitration. If, within six months of the date of the request for arbitration, the parties are unable to agree on the organization of the arbitration, any one of those parties may refer the dispute to the International Court of Justice, by application, in conformity with the Statute of the Court.

ikkje noko i denne artikkelen på nokon måte røre ved dei folkerettslege reglane som regulerer ansvar for atomskade, eller andre folkerettslege reglar.

Artikkel 19

Parten der den påståtte gjerningsmannen vert straffefølgd, skal i samsvar med si nasjonale lovgjeving eller dei framgangsmåtane som skal nyttast, sende det endelige resultatet av rettargangen til Generalsekretæren i Dei sameinte nasjonane, som skal sende opplysningane til dei andre partane.

Artikkel 20

Partane skal samrå seg med kvarandre direkte eller gjennom Generalsekretæren i Dei sameinte nasjonane, med hjelp frå internasjonale organisasjonar når det trengst, for å sikre at denne konvensjonen vert gjennomført på ein effektiv måte.

Artikkel 21

Partane skal oppfylle pliktene sine etter denne konvensjonen på ein måte som er i samsvar med prinsippa om statane sin suverene likskap og deira territoriale integritet, og med prinsippet om ikkje-innblanding i andre statar sine indre tilhøve.

Artikkel 22

Ikkje noko i denne konvensjonen gjev ein part rett til å utøve, på territoriet til ein annan part, domsmakt og funksjonar som er reservert einast for styresmaktene i den andre parten, etter parten si nasjonale lovgjeving.

Artikkel 23

1. Ein tvist mellom to eller fleire partar om tolking eller bruk av denne konvensjonen som ikkje lèt seg løyse ved forhandlingar innan rimeleg tid, skal, dersom ein av partane krev det, avgjerast ved skilssdom. Dersom partane ikkje vert samde om organiseringa av skilssdomen innan seks månader etter at det vart kravd skilssdom, kan kvar av desse partane bringe tvisten inn for Den internasjonale domstolen etter oppmoding i samsvar med vedtektene for domstolen.

2. Each State may, at the time of signature, ratification, acceptance or approval of this Convention or accession thereto, declare that it does not consider itself bound by paragraph 1 of the present article. The other States Parties shall not be bound by paragraph 1 with respect to any State Party which has made such a reservation.
3. Any State which has made a reservation in accordance with paragraph 2 of the present article may at any time withdraw that reservation by notification to the Secretary-General of the United Nations.

Article 24

1. This Convention shall be open for signature by all States from 14 September 2005 until 31 December 2006 at United Nations Headquarters in New York.
2. This Convention is subject to ratification, acceptance or approval. The instruments of ratification, acceptance or approval shall be deposited with the Secretary-General of the United Nations.
3. This Convention shall be open to accession by any State. The instruments of accession shall be deposited with the Secretary-General of the United Nations.

Article 25

1. This Convention shall enter into force on the thirtieth day following the date of the deposit of the twenty-second instrument of ratification, acceptance, approval or accession with the Secretary-General of the United Nations.
2. For each State ratifying, accepting, approving or acceding to the Convention after the deposit of the twenty-second instrument of ratification, acceptance, approval or accession, the Convention shall enter into force on the thirtieth day after deposit by such State of its instrument of ratification, acceptance, approval or accession.

Article 26

1. A State Party may propose an amendment to this Convention. The proposed amendment shall be submitted to the depositary, who circulates it immediately to all States Parties.
2. If the majority of the States Parties request the depositary to convene a conference to

2. Kvar stat kan, når han skriv under, ratifiserer, godtek eller godkjenner denne konvensjonen, eller når han tiltrer konvensjonen, erklære at han ikkje ser seg bunden av nr. 1. Dei andre partane skal ikkje vere bundne av nr. 1 i høve til ein part som har teke slikt atterhald.
3. Ein stat som har teke atterhald i samsvar med nr. 2, kan når som helst trekkje atterhaldet attende ved melding til Generalsekretæren i Dei sameinte nasjonane.

Artikkel 24

1. Denne konvensjonen skal vere open for underskriving for alle statar frå 14. september 2005 til 31. desember 2006 ved hovudsetet til Dei sameinte nasjonane i New York.
2. Denne konvensjonen skal ratifiserast, godtakast eller godkjennast. Ratifikasjons-, godtakings- eller godkjenningsdokumenta skal deponerast hjå Generalsekretæren i Dei sameinte nasjonane.
3. Denne konvensjonen skal vere open for tiltrøding av alle statar. Tiltredingsdokumenta skal deponerast hjå Generalsekretæren i Dei sameinte nasjonane.

Artikkel 25

1. Denne konvensjonen skal ta til å gjelde den trettiande dagen etter at det tjueandre ratifikasjons-, godtakings-, godkjennings- eller tiltredingsdokumentet er deponert hjå Generalsekretæren i Dei sameinte nasjonane.
2. For kvar stat som ratifiserer, godtek, godkjenner eller tiltrer konvensjonen etter at det tjueandre ratifikasjons-, godtakings-, godkjennings- eller tiltredingsdokumentet er deponert, skal konvensjonen tre i kraft den trettiande dagen etter at denne staten har deponert ratifikasjons-, godtakings-, godkjennings- eller tiltredingsdokumentet sitt.

Artikkel 26

1. Ein part kan gjere framlegg om endringar i denne konvensjonen. Framlegg om endring skal gjevast inn til depositaren, som straks sender det vidare til alle partane.
2. Dersom eit fleirtal av partane ber depositaren om å kalle inn til ein konferanse for å

consider the proposed amendments, the depositary shall invite all States Parties to attend such a conference to begin no sooner than three months after the invitations are issued.

3. The conference shall make every effort to ensure amendments are adopted by consensus. Should this not be possible, amendments shall be adopted by a two-thirds majority of all States Parties. Any amendment adopted at the conference shall be promptly circulated by the depositary to all States Parties.
4. The amendment adopted pursuant to paragraph 3 of the present article shall enter into force for each State Party that deposits its instrument of ratification, acceptance, accession or approval of the amendment on the thirtieth day after the date on which two thirds of the States Parties have deposited their relevant instrument. Thereafter, the amendment shall enter into force for any State Party on the thirtieth day after the date on which that State deposits its relevant instrument.

Article 27

1. Any State Party may denounce this Convention by written notification to the Secretary-General of the United Nations.
2. Denunciation shall take effect one year following the date on which notification is received by the Secretary-General of the United Nations.

Article 28

The original of this Convention, of which the Arabic, Chinese, English, French, Russian and Spanish texts are equally authentic, shall be deposited with the Secretary-General of the United Nations, who shall send certified copies thereof to all States.

IN WITNESS WHEREOF, the undersigned, being duly authorized thereto by their respective Governments, have signed this Convention, opened for signature at United Nations Headquarters in New York on 14 September 2005.

handsame framlegg om endring, skal depositaren kalle inn alle partane til ein slik konferanse, som ikkje skal byrje tidlegare enn tre månader etter at innkallinga vert send.

3. Konferansen skal gjere sitt beste for å sikre at endringar vert vedtekne med semje. Der som dette ikkje er mogleg, skal endringar vedtakast med to tredels fleirtal av alle partane. Ei endring som er vedteken på konferansen, skal omgåande sendast av depositaren til alle partane.
4. Ei endring som vert vedteken i samsvar med nr. 3 i denne artikkelen, skal ta til å gjelde for kvar part som har deponert ratifikasjons-, godtakings-, tiltredings- eller godkjenningssdokumentet sitt for endringa den trettiande dagen etter at to tredelar av partane har deponert sitt aktuelle dokument. Deretter skal endringa ta til å gjelde for kvar annan part den trettiande dagen etter at vedkomande stat har deponert sitt aktuelle dokument.

Artikkel 27

1. Ein part kan seie opp denne konvensjonen ved skriftleg melding til Generalsekretæren i Dei sameinte nasjonane.
2. Oppseiinga får verknad eitt år etter den dagen meldinga vert teken imot av Generalsekretæren i Dei sameinte nasjonane.

Artikkel 28

Originalen til denne konvensjonen, der dei arabiske, engelske, franske, russiske og spanske tekstene er like gyldige, skal deponerast hjå Generalsekretæren i Dei sameinte nasjonane, som skal sende rettkjende kopiar av han til alle statane.

Til stadfesting av dette har dei underskrivne, som er gjevne tilbørleg fullmakt til det av regjeringane sine, skrive under denne konvensjonen, som vart opna for underskriving ved hovudsetet til Dei sameinte nasjonane i New York 14. september 2005.

